

STATENS VEGVESEN

Att: Vegdirektoratet Myndighet og regelverk Brukerfinansiering

Postboks 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

FERDE05550

17.10.2023

## Søknad om prisjustering av takstane i Bypakke Bergen - 2024

Ferde viser til Prop. 11 S (2017 - 2018) om finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland, no Vestland. I proposisjonen står det at Samferdselsdepartementet legg til grunn at takstane kan justerast i tråd med konsumprisindeksen.

Takstane i Bypakke Bergen vart sist prisjusterte 1. januar 2023 basert på takstvedtak frå Vegdirektoratet frå 4. november 2022 (Dykkar ref.21/12679-15). Takstane i takstvedtaket frå november 2022 var basert på kpi- indeksen fram til september 2022. Prisveksten frå september 2022 til september 2023 er 3,34 prosent (sjå vedlegg). Det vert foreslått å endra takstane slik:

Dagens takstar:

Bypakke Bergen		Takstgruppe 1			Takstgruppe 2		
		Diesel	Bensin/ladbar hybrid	Nullutslepp	Euro V og eldre	Euro VI	Nullutslepp
Full pris	Utanfor rushtid	34,00	28,00	12,00	80,00	42,00	0,00
	Rushtid	64,00	58,00	22,00	140,00	85,00	0,00

Framlegg til nye takstar (september 2023 kr.):

Bypakke Bergen		Takstgruppe 1			Takstgruppe 2		
		Diesel	Bensin/ladbar hybrid	Nullutslepp	Euro V og eldre	Euro VI	Nullutslepp
Full pris	Utanfor rushtid	35,00	29,00	12,00	82,00	44,00	0,00
	Rushtid	66,00	60,00	23,00	145,00	88,00	0,00

Gjennomsnittstaksten er i proposisjonen sett til 11,5 2017 kr.. Det tilsvarar 14,15 september 2023 kr. Realisert snittakst i september 2023 er 11,7 kr. Prisjusteringa som det vert søkt om her vil truleg auka den realiserte snittaksten med 0,4 kr. Då er snittaksten framleis under snittakstkravet. Ferde har derfor sendt eit forslag om takstauke til Bergen kommune og Vestland fylkeskommune, for å kunna oppretthalda snittaksten. Det er uvisst om og når dette forslaget vert handsama. I påvente av slike eventuelle lokalpolitiske vedtak, søker Ferde om prisjustering av takstane.

Ferde har fått fullmakt frå styringsgruppa i Miljøløftet til å søka om justering av bompengetakstane når:

*«prisøkning i forhold til konsumprisindeks er oppnådd, og når denne utgjør en hel krone på ordinær takst. Styringsgruppen får sak om prisjustering til orientering.»*

Ref. vedtak i styringsgruppa i Miljøløftet 31.10.2018, sak 69/18. Av praktiske grunnar legg ikkje Ferde opp til å prisjustera takstane meir enn ein gong i året.

Rushtidstakstane gjeld ikkje i bomstasjonane nr. 15-29 som vart etablert i høve til Prop. 11 S (2017-2018): <https://ferde.no/bomanlegg-og-priser/bomstasjoner-bergen>  
For desse gjeld takstar «utanfor rushtid» heile døgnet og ikkje tidsdifferensierte takster.

Alle rabatt- og fritaksordningar gjeld som tidlegare fastsett.

Ferde tek sikte på å endra takstane i Bypakke Bergen 1.januar 2024, føresett at Vegdirektoratet gjer taktsvedtak i god tid før fristen for kunngjering

Med helsing

Trond Juvik  
Administrerende direktør

Bjørn Inge Midtgård  
Myndighetskontakt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til:** Vestland fylkeskommune

**Vedlegg:** Utrekningsgunnlag